



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom Sunnfjord – Rådhuset
Dato: 11.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 15:00

Følgande medlemmer møtte:

Håkon Myrvang
Kari Valle
Sara-Marie Horsevik
Anne Lilleaasen
Steinar Kvame
Tore Fossen
Jenny Følling
Oddmund Klakegg
Åsmund Berthelsen
Gunn Merete Paulsen

Parti:

Ap
Ap
Ap
H
H
H
Sp
Sp
SV
V

Forfall:

Atle Hamar

Parti:

V

Møtande varamedlem:

Bjarte Buttedal

Parti

VIP

Andre:

Anita Nordheim
Kirstin Synnøve Bruland
Kristine Steindal
Kurt Even Andersen
Lise Mari Haugen
Liv Janne Bell Jonstad
Malin Solheim Moldestad
Odd Harry Strømsli
Trond Ueland
Åge Ansgar Stafsnes

kommunalsjef kultur og idrett
kommunalsjef omsorg
kommunalsjef barnehage
kommunalsjef helse og sosial
assisterande kommunedirektør
einingsleiar
rådgjevar
einingsleiar
einingsleiar
kommunalsjef skule

Inhabil

Kari Valle

Sak

124/26

Møtande varamedlem:

Møteleiar: Jenny Følling

Merknader:

- Oppsett budsjettkonferanse kl. 09.00–12.00 vart utsett til møte i kommunestyret 18. juni.

Godkjenning av protokollen:

Jenny Følling s.

Gunn Merete Paulsen s.

Åsmund Berthelsen s.

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
115/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
116/26	Budsjettkonferanse vår 11.06.2026
118/26	Sluttbehandling - Detaljregulering Jølstraholmen, fritids- og turistformål, gbnr. 359/50 m.fl.
119/26	Tertialrapport per 30.04.2026
120/26	Nyval av varamedlem til kontrollutvalet
121/26	Nyval av politiske representantar til administrasjonsutvalet
122/26	Klage på vedtak om dispensasjon - Detaljregulering Elvevegen - gbnr.61/45
123/26	Planendring av Hafstadparken - høyring
125/26	Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026
126/26	Referatsaker
127/26	Orienteringar og spørsmål
117/26	Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen - oppfølging av vedtak mars 2025
124/26	Status i kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026 - 2050

115/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordføreren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Åsmund Berthelsen og Gunn Merete Paulsen

Einstemmig vedtak

FORM- 115/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Åsmund Berthelsen og Gunn Merete Paulsen

116/26: Budsjettkonferanse vår 11.06.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vart gjennomført andre møte i budsjettkonferanse 2026-2029, der formannsksmedlemar, utvalsleiarar, gruppeleiarar, hovudtillitsvalde, leiar i råda, kommunedirektøren si leiargruppe, økonomirådgjevarar deltok i arbeidet

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

På grunn av saksmengda i formannskapsmøtet og behov for å sikre tilstrekkeleg tid til budsjettkonferansen, vart budsjettkonferansen utsett til møte i kommunestyret 18. juni.

FORM- 116/26 Vedtak:

Budsjettkonferansen vart utsett til møte i kommunestyret 18. juni.

118/26: Sluttbehandling - Detaljregulering Jølstraholmen, fritids- og turistformål, gbnr. 359/50 m.fl.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringplan for Jølstraholmen, fritids- og turistformål, gbnr. 359/50 m.fl. med plankart dagsett 10.11.2025 og føresegner dagsett 16.03.2026, vert vedtekne i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegner:

- Flomsonekartlegging Jølstra, Norconsult AS, sist revidert 13.08.2021
- VAO-plan til regulering, Asplan Viak AS, datert 11.04.2025
- Støyrapport Jølstraholmen, Asplan Viak, datert 30.04.2025

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

FORM- 118/26 Vedtak:

Detaljreguleringplan for Jølstraholmen, fritids- og turistformål, gbnr. 359/50 m.fl. med plankart dagsett 10.11.2025 og føresegner dagsett 16.03.2026, vert vedtekne i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegner:

- Flomsonekartlegging Jølstra, Norconsult AS, sist revidert 13.08.2021
- VAO-plan til regulering, Asplan Viak AS, datert 11.04.2025
- Støyrapport Jølstraholmen, Asplan Viak, datert 30.04.2025

119/26: Tertialrapport per 30.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tertialrapport per 30.04.2026 vert teken til vitande:
<https://pub.framsikt.net/2026/sunnfjord/mr-202604-tert12026>
2. Budsjettendring i drift og investering vert gjennomført i samsvar med omtale i tertialrapport per 30.04.2026 kapittel økonomirapportering drift og kapittel investering.
3. Oversikt over budsjett endringar i drift
 - a. Auke i rammetilskot og skatteinntekter med 14,6 mill. kroner grunna oppdatert estimat på skatt og rammetilskot.
 - b. Auke i eigedomsskatt med 1,5 mill. kroner grunna høgare inntekter enn budsjettet.
 - c. Reduksjon i flyktingtilskot med 3,0 mill. kroner grunna busetting av færre mindreårige flyktingar i 2025.
 - d. Auke i renteinntekter med 5,5 mill. kroner grunna betre likviditetssituasjon og auka rentebane.
 - e. Auke i utbytte med 1,3 mill. kroner grunna høgare prognose for utbytte.
 - f. Reduksjon i avkasting på finansielle postar med 2,0 mill. kroner grunna svikt i avkasting på plasserte midlar.
 - g. Auke i renteutgifter med 4,0 mill. kroner grunna renteauke.
 - h. Auke i budsjettet til Bygstad skule med 0,2 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - i. Reduksjon i budsjettet i Vaksenopplæring og integrering med 2,0 mill. kroner grunna busetting av færre mindreårige flyktingar i 2025.
 - j. Auke i budsjettet til barnehage på 0,875 mill. kroner. Reduksjon i restmidlar frå 2025.
 - k. Auke i budsjettet til barnehage på 0,2 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - l. Auke i budsjettet til Aktivitetseininga med 0,1 mill. kroner og 0,15 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - m. Auke i budsjettet til Bygg og eigedom med 10,0 mill. kroner til dekking av høgare straumkostnadar.
 - n. Auke lønns og prisvekst RNB med 15,4 mill. kroner grunna høgare anslag på løns- og prisvekst.
 - o. Auke i konsesjonskraft inntekter med 7,0 mill. kroner grunna høgare salspris på straum.
 - p. Reduksjon i prisvekst med 3,0 mill. kroner til dekking av høgare straumkostnadar.
 - q. Reduksjon i pensjonsutgifter med 18,0 mill. kroner grunna for høgt budsjett.
 - r. Reduksjon i restmidlar frå statsbudsjettet for 2025 med 0,875 mill. kroner.

- s. Avsetjing til disposisjonsfondet 17,8 mill. kroner som er restmidlar etter finansiering av budsjettendringane over.
- 4. Oversikt over budsjettendringar i investeringar
 - a. Kartlegging ombygging av Flatene skule til barnehage er styrka med 0,75 mill. kroner. Tiltaket er føreslått finansiert frå tiltak for å møte innsparing og omstilling.
 - b. Forskoting areal til bustadføre mål Slåtten er styrka med 0,4 mill. kroner. Tiltaket er føreslått finansiert med 0,4 mil. kroner frå ubunde investeringsfond.
 - c. Inntekter frå Sal av tomter Sunnfjord næringspark K1 er auka med 7,0 mill. kroner. Det er ikkje budsjettert med salsinntekter på K1 i 2026. Meirinntekta vert avsett til ubunde investeringsfond.
 - d. Ureiningsmynde - utkjøp av leasingbil er styrka med 0,16 mill. kroner. Utkjøpet er finansiert med 0,16 mill. kroner frå ubunde investeringsfond.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Marius Bjørvik Solheim, kst. økonomisjef, innleia med ei orientering om tertialrapporten.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

FORM- 119/26 Vedtak:

1. Tertialrapport per 30.04.2026 vert teken til vitande:
<https://pub.framsikt.net/2026/sunnfjord/mr-202604-tert12026>
2. Budsjettendring i drift og investering vert gjennomført i samsvar med omtale i tertialrapport per 30.04.2026 kapittel økonomirapportering drift og kapittel investering.
3. Oversikt over budsjett endringar i drift
 - a. Auke i rammetilskot og skatteinntekter med 14,6 mill. kroner grunna oppdatert estimat på skatt og rammetilskot.
 - b. Auke i eigedomsskatt med 1,5 mill. kroner grunna høgare inntekter enn budsjettert.
 - c. Reduksjon i flyktingtilskot med 3,0 mill. kroner grunna busetting av færre mindreårige flyktningar i 2025.
 - d. Auke i renteinntekter med 5,5 mill. kroner grunna betre likviditetssituasjon og auka rentebane.
 - e. Auke i utbytte med 1,3 mill. kroner grunna høgare prognose for utbytte.
 - f. Reduksjon i avkasting på finansielle postar med 2,0 mill. kroner grunna svikt i avkasting på plasserte midlar.
 - g. Auke i renteutgifter med 4,0 mill. kroner grunna renteauke.
 - h. Auke i budsjettet til Bygstad skule med 0,2 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - i. Reduksjon i budsjettet i Vaksenopplæring og integrering med 2,0 mill. kroner grunna busetting av færre mindreårige flyktningar i 2025.
 - j. Auke i budsjettet til barnehage på 0,875 mill. kroner. Reduksjon i restmidlar frå 2025.
 - k. Auke i budsjettet til barnehage på 0,2 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - l. Auke i budsjettet til Aktivitetseininga med 0,1 mill. kroner og 0,15 mill. kroner grunna innlemming av tilskot i rammetilskotet.
 - m. Auke i budsjettet til Bygg og eigedom med 10,0 mill. kroner til dekking av høgare straumkostnadar.
 - n. Auke lønns og prisvekst RNB med 15,4 mill. kroner grunna høgare anslag på løns- og prisvekst.
 - o. Auke i konsesjonskraft inntekter med 7,0 mill. kroner grunna høgare salspris på straum.

- p. Reduksjon i prisvekst med 3,0 mill. kroner til dekking av høgare straumkostnader.
 - q. Reduksjon i pensjonsutgifter med 18,0 mill. kroner grunna for høgt budsjett.
 - r. Reduksjon i restmidlar frå statsbudsjettet for 2025 med 0,875 mill. kroner.
 - s. Avsetjing til disposisjonsfondet 17,8 mill. kroner som er restmidlar etter finansiering av budsjettendringane over.
4. Oversikt over budsjettendringar i investeringar
- a. Kartlegging ombygging av Flatene skule til barnehage er styrka med 0,75 mill. kroner. Tiltaket er føreslått finansiert frå tiltak for å møte innsparing og omstilling.
 - b. Forskotinger areal til bustadføre mål Slåtten er styrka med 0,4 mill. kroner. Tiltaket er føreslått finansiert med 0,4 mil. kroner frå ubunde investeringsfond.
 - c. Inntekter frå Sal av tomter Sunnfjord næringspark K1 er auka med 7,0 mill. kroner. Det er ikkje budsjetttert med salsinntekter på K1 i 2026. Meirinntekta vert avsett til ubunde investeringsfond.
 - d. Ureiningsmynde - utkjøp av leasingbil er styrka med 0,16 mill. kroner. Utkjøpet er finansiert med 0,16 mill. kroner frå ubunde investeringsfond.

120/26: Nyval av varamedlem til kontrollutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

... blir valt som ny personleg varamedlem for Per Magne Bell (SV) i kontrollutvalet.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Forslag frå SV, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Nina Sofie Gjelsvik

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med SV sitt tilleggsframlegg, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 120/26 Vedtak:

Nina Sofie Gjelsvik (SV) blir valt som ny personleg varamedlem for Per Magne Bell (SV) i kontrollutvalet.

121/26: Nyval av politiske representantar til administrasjonsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel slik samansetting av dei politiske representantane i administrasjonsutvalet:

Medlemmer	Parti	Varamedlemmer	Parti	#
Håkon Myrvang	Ap			Vara nr. 1
Anne Lilleaasen	H	Tore Fossen	H	Vara nr. 2
		Jenny Følling	Sp	Vara nr. 3
Gunn Merete Paulsen	V	Steinar Kvame	H	Vara nr. 4
Åsmund Berthelsen	SV	Atle Hamar	V	Vara nr. 5

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Tilleggsframlegg, fremja av Oddmund Klakegg (Sp):

Jenny Følling (Sp) blir ny medlem i administrasjonsutvalet, og Rune Hegrenes (Sp) blir ny 3. varamedlem.

Tilleggsframlegg, fremja av Håkon Myrvang (Ap):

Sara-Marie Horsevik blir valt som 1. varamedlem til administrasjonsutvalet.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med Sp og Ap sine tilleggsframlegg, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 121/26 Vedtak:

Kommunestyret vel slik samansetting av dei politiske representantane i administrasjonsutvalet:

Medlemmer	Parti	Varamedlemmer	Parti	#
Håkon Myrvang	Ap	Sara-Marie Horsevik	Ap	Vara nr. 1
Anne Lilleaasen	H	Tore Fossen	H	Vara nr. 2
Jenny Følling	Sp	Rune Hegrenes	Sp	Vara nr. 3
Gunn Merete Paulsen	V	Steinar Kvame	H	Vara nr. 4
Åsmund Berthelsen	SV	Atle Hamar	V	Vara nr. 5

122/26: Klage på vedtak om dispensasjon - Detaljregulering Elvevegen - gbnr.61/45

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klagen frå Sameiget Hafstad 27A, som gjeld avslag på dispensasjon til nye parkeringsplassar til følgje.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjering.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Alternativt framlegg frå Ap og H, fremja av Anne Lilleaasen (H):

Formannskapet tek klagen frå Sameige Hafstad 27A, som gjeld avslag på dispensasjon til nye parkeringsplassar til følgje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev Sunnfjord kommune dispensasjon frå Detaljregulering Elvevegen for etablering av skråstilte parkeringsplassar på gbnr. 61/45, inkludert tilrettelegging for ein HC-parkeringsplass.

Formannskapet legg vekt på at eigedomen har mista parkeringsareal som følgje av offentlege tiltak, og at etablering av skråstilte parkeringsplassar vi gi ei meir teneleg og praktisk løysing for bebuarar og brukarar av bygget.

Formannskapet legg vidare positiv vekt på at tiltaket omfattar tilrettelegging for ein HC-parkeringsplass. Dette vil betre tilkomsten for personar med nedsett funksjonsevne og bidra til ei meir inkluderande løysing enn dagens situasjon.

Fordelane er større enn ulempene og vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2 er dermed oppfylte.

Alternativ avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 stemmer (Sp, V, VIP, SV) og **fall**
Ap og H sitt framlegg fekk 6 stemmer (Ap og H) og **vart vedteke**

FORM- 122/26 Vedtak:

Formannskapet tek klagen frå Sameige Hafstad 27A, som gjeld avslag på dispensasjon til nye parkeringsplassar til følge.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev Sunnfjord kommune dispensasjon frå Detaljregulering Elvevegen for etablering av skråstilte parkeringsplassar på gbnr. 61/45, inkludert tilrettelegging for ein HC-parkeringsplass.

Formannskapet legg vekt på at eigedomen har mista parkeringsareal som følge av offentlege tiltak, og at etablering av skråstilte parkeringsplassar vi gi ei meir teneleg og praktisk løysing for bebuarar og brukarar av bygget.

Formannskapet legg vidare positiv vekt på at tiltaket omfattar tilrettelegging for ein HC-parkeringsplass. Dette vil betre tilkomsten for personar med nedsett funksjonsevne og bidra til ei meir inkluderande løysing enn dagens situasjon.

Fordelane er større enn ulempene og vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Formannskapet gjennomførte synfaring i saka.

I samsvar med etablert praksis vart saka **einstemmig utsett** til neste møte.

FORM- 108/26 Vedtak:

Saka vart utsett.

Behandling i Formannskapet 20.05.2026:

Endringsforslag fra Høgre, fremja av Anne Lilleaasen (H):

Saka blir utsatt, og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

Avstemming om utsetting:

Høgre sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 102/26 Vedtak:

Saka blir utsatt, og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

123/26: Planendring av Hafstadparken - høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 legg Sunnfjord kommune forslag til mindre endring av detaljreguleringsplan for Hafstadparken, planid 143220100002, ut til høyring.

Endringa omfattar å opne for etablering av éin fotballhall innanfor område o_N1, på eksisterande bane 2, med tilhøyrande endring i reguleringsføresegner. Det skal leggjast til

grunn at omsyn til landskap, allmenn bruk og samfunnstryggleik, herunder flaumfare og områdestabilitet, vert ivaretekne gjennom reguleringsføresegner og vidare prosjektering.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Fellesframlegg, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

Tilvising til analysen Hall i Hafstadparken blir fjerna frå føresegnene pkt. 3b og pkt. 8 fyrste kulepunkt.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med fellesframlegget, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 123/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 legg Sunnfjord kommune forslag til mindre endring av detaljreguleringsplan for Hafstadparken (planid 143220100002) ut til høyring, med følgande endring:

- Tilvising til analysen Hall i Hafstadparken blir fjerna frå føresegnene pkt. 3b og pkt. 8 fyrste kulepunkt.

Endringa omfattar å opne for etablering av éin fotballhall innanfor område o_N1, på eksisterande bane 2, med tilhøyrande endring i reguleringsføresegner. Det skal leggjast til grunn at omsyn til landskap, allmenn bruk og samfunnstryggleik, herunder flaumfare og områdestabilitet, vert ivaretekne gjennom reguleringsføresegner og vidare prosjektering.

125/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Formannskapet behandla tertialrapport per 30.04.2026, det var elles ingen orienteringar.

FORM- 125/26 Vedtak:

126/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 126/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

127/26: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Møtet starta med presentasjon av ny **rapport for E39 Storehaugen–Førde** om optimalisering av kostnader v/Marius Slinde, Statens Vegvesen (kl. 09.00–09.30). Presentasjonen, rapporten og brevet til grunneigarane er lagt inn som vedlegg i saka.

Formannskapet bad om å få stadfesta at bompengeproposisjonen og KS2 vil halde framdrifta, og at statusen for tiltaket i nasjonal transportplan ikkje vil bli endra under ev. arbeid med ny detaljreguleringsplan. Slinde stadfesta at han vil sende ei skriftleg tilbakemelding til formannskapet.

Etter lunsj, kl. 12.30, vart det innleia med orienteringar om sak 117/26, oppfølging av vedtak **kvalitet og kapasitet barnehage** (1 time):

- vurdering av Flatene skule som barnehage v/Aske Prosjektutvikling AS og Nordplan
- andre tema i saka v/Lise Fitje Toverud, saksbehandlar

I slutten av møtet svarte kommunedirektøren på **spørsmål** frå Åsmund Berthelsen (SV) om innkreving av doble avgifter i høve til kva som er registrert i matrikkelen, svaret blir inn som vedlegg i saka.

FORM- 127/26 Vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

117/26: Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen - oppfølging av vedtak mars 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Flatene skule til barnehageføremål

- Flatene skule blir bygd om til barnehage og teken i bruk frå tidlegast 01.08.2028 avhengig av når tiltaket er fullfinansiert i årsbudsjett/økonomiplan.
- Barnehagen blir planlagt med inntil 12 avdelingar.
- Ny barnehage på Flatene skal erstatte:
 - Halbrend barnehage
 - Slåtebakkane barnehage
 - Ytre Hafstad barnehage
- Planprosessen for detaljplanlegging startar hausten 2026.
 - Finansiering av planprosessen i 2026 blir dekt av tilskot frå Enova på 249 460 kr.
- Byggestart for ombygging er planlagt tidlegast hausten 2027.

Ny barnehage på Slåtten

- Det blir etablert ny barnehage med 6 avdelingar på Slåtten med oppstart frå tidlegast august 2030 avhengig av når tiltaket er fullfinansiert i årsbudsjett/økonomiplan.
- Ny barnehage på Slåtten skal erstatte :
 - Hatlehaugen barnehage
 - Vieåsen barnehage

Sal av eigedomar

- Sal av eigedomar knytt til eksisterande barnehagar skal bidra til å finansiere investeringane i barnehagesektoren.
- Følgjande barnehagar blir avvikla i tråd med vedtak i Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen:
 - Tusenfryd barnehage (vedtak om nedlegging mars 2025)
 - Haugum barnehage (vedtak om nedlegging mars 2025)
 - Halbrend barnehage
 - Hatlehaugen barnehage
 - Slåttebakkane barnehage
 - Vieåsen barnehage
 - Ytre Hafstad barnehage

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Alterantivt forslag frå SV, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Det vert arbeid vidare med å sjå på eksisterande barnehagar og utvikling av desse og eksisterande bygg. Behov og mogleg utviding av Halbrend barnehage og behov for ny barnehage på Slåtten med 4 avdelingar utan at ein legg ned nokon av dei eksisterande, vert utgreidd. Ein går ikkje vidare med å nytte Flatene skule til barnehage.

Utsettingsframlegg frå V, SP, H, AP og VI partiet, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

Saka vert usett og formannskapet gjennomfører synfaring i august.

Før saka kjem opp på nytt ber formannskapet om at følgjande tema vert særleg belyst:

- det må gjennomførast ei tilstandsvurdering av Flatene skule med anslag på kostnader til oppgradering
- driftskostnadane ved administrasjonen sitt framlegg samanlikna med dagens situasjon må synleggjerast
- investeringskostnader knytt til vidareføring av barnehagane Ytre Hafstad, Halbrend og Slåttebakkane skal utgreiast
- den trafikale situasjonen skal greiast ut vidare
- partane må involverast i den vidare prosessen

Saka vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 01.09.2026.

Avstemming om utsettingsframlegg:

V, SP, H, AP og VI-partiet sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 117/26 Vedtak:

Saka vert usett og formannskapet gjennomfører synfaring i august.

Før saka kjem opp på nytt ber formannskapet om at følgjande tema vert særleg belyst:

- det må gjennomførast ei tilstandsvurdering av Flatene skule med anslag på kostnader til oppgradering
- driftskostnadane ved administrasjonen sitt framlegg samanlikna med dagens situasjon må synleggjerast
- investeringskostnader knytt til vidareføring av barnehagane Ytre Hafstad, Halbrend og Slåttebakkane skal utgreiast

- den trafikale situasjonen skal greiast ut vidare
- partane må involverast i den vidare prosessen

Saka vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 01.09.2026.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 10.06.2026:

Endringsforslag frå SV og MDG, fremja av Liv Jorunn Sellevold (SV):

Ein arbeidar vidare med å sjå på eksisterande barnehagar og utvikling av desse og eksisterande bygg. Ein greier ut behov og moglegheit for utviding av Halbrend barnehage og om ein har behov for ny barnehage på Slåtten med 4 avdelingar utan at ein legg ned nokon av dei eksisterande. Ein går ikkje vidare med å nytte Flatene skule til barnehage.

Alternativt forslag frå H, V, Sp, Ap, Uavhengig (Smaadal), fremja av Paula Kathrine Lesto (H):

Kommunestyret legg saka ut på høyring og ber om at det vert lagt fram ny sak hausten 2026. I saka skal ein spesielt sjå på økonomiske konsekvensar og eventuelle endra driftskostnader, trafikksituasjon ved Flatene og Slåtten og verknader for born, foreldre og tilsette.

Orientering ved kommunalsjef Kristine Steindal og sakshandsamar Lise Fitje Toverud
Det vart gjennomført gruppemøte.

Avstemming:

SV og MDF sitt framlegg **fall** med 2 (SV og MDG) mot 9 røyster (Sp, H, Ua, V, FrP, og Ap)

Alternativ avstemming:

Framlegg frå H, V, Sp, Ap, og UA fekk 10 stemmer (Sp, H, Ua, V, SV, MDG og Ap) og **vart tilrådd**

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 1 stemme (FrP) og **fall**

UOK- 027/26 Vedtak:

Kommunestyret legg saka ut på høyring og ber om at det vert lagt fram ny sak hausten 2026. I saka skal ein spesielt sjå på økonomiske konsekvensar og eventuelle endra driftskostnader, trafikksituasjon ved Flatene og Slåtten og verknader for born, foreldre og tilsette.

124/26: Status i kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026 - 2050

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 11.06.2026:

Kari Valle (Ap) bad om habilitetsvurdering som følgje av at ho som tilsett i kommunen er delprosjektleder i kvalitet og kapasitet helse og omsorg og har bidratt i saksførebuinga.

Eit einstemmig formannskap erklærte Valle som inhabil i saka, jf. koml. § 11-10 andre ledd.

Valle gjekk frå behandlinga, det møtte ikkje varamedlem.

Liv Janne Bell Jonstad, prosjektleder, orienterte om status i kvalitet og kapasitet i helse og omsorg.

FORM- 124/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Eldrerådet 09.06.2026:

Det vart gjennomført felles orientering med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ved kommunalsjef Kirstin Bruland, og einingsleiar fagutvikling Liv Janne Bell Johnstad.

ELDR- 015/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Det vart gjennomført felles orientering med eldrerådet ved kommunalsjef Kirstin Bruland og einingsleia fagutvikling Liv Janne Bell Johnstad.

RMNF- 017/26 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.